



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 03.10.2017 kl 19.00 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte:

Irene Aase Aarseth, Anne Lise Ljotebø, Lisbeth Haugsbø, Runar Matsui-Li, Leif Arne Fureli, Jarle Berge og Sturla Bell Fossen.

Desse hadde meldt forfall:

Stine Iren Røyseth, Borgny Birkeland og Audun Digranes.

Irene Aase Aarseth leia møtet i Audun Digranes sitt fråver.

Kopi av møteboka går til:

Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Toril Lange, Karin Grodås, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste: Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte. Ingen merknad.

Meldingssaker:

000025 Rekningsrapport

Rapporten vert teken til vitring slik den føreligg.

000026 Referat frå møte i jubileumsnemnda.

Soknerådet meiner nemnda legg opp til eit godt og innhaldsrikt program for jubileumsåret.

000027 Aktuelle saker for fellesrådet.

Soknerådet etterspør tiltak i høve til vedlikehaldsplan for gravplassen i Vadheim.

000028 Full stilling for kontor.

Kantor vert no tilbydd 100 % stilling og får heile Høyanger som tenesteområde. I den 20 % rest-stillinga som då vert ledig vil ein leige inn organist frå Gulen.

000029 Nye vindauge i Kyrkjebø kyrkje

Nye vindauge i Kyrkjebø kyrkje er montert og måla.

000030 Parkeringsplass ved Kyrkjebø kyrkje.

Plassen er oppmålt og merka, og ein ventar på målebrev og skøyte.

Vedtaksaker:

Sak 016/17: Musikk i hausttakkegudstenesta.

Soknepresten tek ansvar for dette.

Sak 021/17: Utarbeiding av plan for kyrkjemusikk

Sakstilfanget er det same som til soknerådsmøtet 23.08.2016 !

Saka har også vore drøfta ein gong seinare, sjå møte 31.01.17, meldingssak 6 !

Audun Digranes og soknepresten er alt valde som Kyrkjebø sine representantar i ei slik plannemnd.

Sak 022/17: Ynskje om trusopplæringstiltak i 2018

Soknepresten arbeider med saka, og endelege datoar for tiltaka vert fastsette seinare.

Sak 023/17: Budsjet 2018

Budsjett-tala vert uendra frå 2017 med unntak av postane 31002 og 37800, som går ut.

Sak 024/17: Gudstenesteplan for fyrste halvår 2018.

Etter føringar frå prosten vert antal gudstenester i Kyrkjebø og Vadheim noko fleire enn i 2017.

Soknepresten arbeider vidare med gudstenesteplanen fram mot fristen som prosten har sett.

Sak 025/17: Mandat for jubileumsnemnda.

Helga Hjetland frå jubileumsnemnda møtte under denne saka.

Mandatet for nemnda er formulert i soknerådsmøtet 28.03.17, sak 11/17, og vert ståande slik.

Nemnda har fullmakt til å lage budsjett for jubileet. Dette skal godkjennast av soknerådet.

Soknerådet er ansvarleg for søknadar om økonomisk stønad, og har ansvar for det endelege resultatet.

Sak 026/17: Val av leiar og nestleiar for soknerådet.

Attval vart føreslege. Ingen krov skriftleg val. Både leiar og nestleiar vart attvalde med akklamasjon.

Sak 026/17: Ymse

- a) Møteleiar minna om prostiet sitt strategimøte i Førde 4. okt. Aarseth og soknepresten møter.
- b) Gardin i Vadheim bedehusapell.
Ei oppmoding om å skifte gardina i bedehusapellet vert oversendt styret for eigar-stiftinga.

Møtet slutt kl: 20.50.

Sturla Bell Fossen

- skrivar -